

Oslo, februar 2011
Saksbehandler: Kjersti Stabell Wiggen
Tlf.: 800 83028 (kl. 8 - 15)
Avdeling for datafangst

Internet: www.ssb.no
E-post/E-mail: ssb@ssb.no

Bankkonto/Bank account:
7694 05 02663

Undersøkelse om studenters levekår

Statistisk sentralbyrå (SSB) gjennomfører en levekårsundersøkelse blant studenter på oppdrag fra Kunnskapsdepartementet. Du er en av 1 200 studenter i alderen 19 – 35 år som i denne omgang er trukket ut til å delta. Om kort tid vil en intervjuer fra SSB kontakte deg på telefon for å gjennomføre et intervju. Spørsmålene i undersøkelsen handler blant annet om studieforhold, helse, bolig, arbeid, økonomi og fritid.

Det er frivillig å delta, og du kan når som helst trekke deg fra undersøkelsen og kreve at opplysningene blir slettet. For at vi skal få pålitelige resultater, er det imidlertid avgjørende at du som er trukket ut deltar. **Vi kan ikke erstatte deg med en annen student.**


Undersøkelsen gjennomføres i samsvar med personopplysningsloven og statistikkloven, og SSB har utnevnt eget personvernombud godkjent av Datatilsynet for å ivareta personvernet ditt. **Alle som arbeider i SSB har taushetsplikt.** SSB vil aldri offentliggjøre eller formidle videre opplysninger om enkeltpersoner.

For å gjøre intervjuet kortere vil vi hente inn opplysninger om studielån og stipend fra Lånekassen, inntekt og formue fra Skatteetaten, samt trygder og stønader fra Nav og Husbanken for deg og ektefelle/samboer. I tillegg vil vi hente inn utdanningsopplysninger om deg og foreldrene dine. Innen utgangen av 2012 vil vi fjerne navn og fødselsnummer og tilrettelegge datamaterialet slik at det ikke vil være mulig å identifisere hvem som har deltatt i undersøkelsen.

Du kan lese mer om undersøkelsen i vedlagte brosjyre og på <http://www.ssb.no/skjema/studlev>. Har du spørsmål om undersøkelsen, eller ønsker å oppgi et tidspunkt som passer for gjennomføring av intervju, send en e-post til studlev@ssb.no eller ring på tlf. 800 83 028.

Vi håper du vil delta - da du teller med!

Med vennlig hilsen



Hans Henrik Scheel
adm. direktør



Øyvind Kleven
seksjonssjef



Oslo, februar 2011
Sakshandsamar: Kjersti Stabell Wiggen
Tlf.: 800 83028 (kl. 8 - 15)
Avdeling for datafangst

Undersøking om levekår blant studentar

Statistisk sentralbyrå (SSB) gjennomfører ei undersøking om levekår blant studentar på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. Du er ein av 1 200 studentar i alderen 19 – 35 år som i denne omgang er trekt ut til å delta. Om kort tid vil ein intervjuar ta kontakt med deg på telefon for å gjennomføre eit intervju. Spørsmåla i undersøkinga handlar blant anna om studietilhøve, helse, bustad, arbeid, økonomi og fritid.

Det er frivillig å delta, og du kan når som helst trekkje deg frå undersøkinga og krevje at opplysningane vert sletta. For at vi skal få pålitelege resultat, er det avgjerande at du som er trekte ut deltek. **Vi kan ikkje erstatte deg med ein annan student.**

Undersøkinga vert gjennomført i samsvar med offentlegheitslova og statistikklova, og SSB har tilsett eit eige personvernombod som er godkjend av Datatilsynet for å sjå til personvernet ditt. **Alle som arbeidar i SSB har teieplikt.** SSB vil aldri offentleggjere eller formidle vidare opplysningar om enkeltpersonar.

For å gjere intervjuet kortare vil vi hente inn opplysningar om studielån og stipend frå Lånekassa, inntekt og formue frå Skatteetaten, og trygder og stønader frå Nav og Husbanken for deg og ektefellen/ sambueren din. Vi vil òg hente inn utdanningsopplysningar om deg og foreldra dine. Innan utgangen av 2012 vil vi fjerne namn og fødselsnummer og legge til rette datamaterialet slik at det ikkje vil vere mogleg å identifisere kva kvar enkelt har svart.

Du kan lese meir om undersøkinga i vedlagde brosjyre og på www.ssb.no/skjema/studlev. Har du spørsmål om undersøkinga, eller ønsker å oppgi et tidspunkt som passer for gjennomføring av intervju, send ein e-post til studlev@ssb.no, eller ring oss på 800 83 028.

Vi håpar du vil svare - da du tel med!

Med venleg helsing

Hans Henrik Scheel
adm. direktør

Øyvind Kleven
seksjonssjef